

## **Merknader til nabovarsel om søknad om dispensasjon om utfylling i Kjeldevika**

Viser til motteke nabovarsel, datert 15.okt 2015. Vi er i mot at det vert gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan. Tiltaket er stort og har ei plassering som har konflikstar med andre interesser. Det vil difor ikkje vere riktig å gje dispensasjon frå å lage ein heilskapleg reguleringsplan for området. Vi grunngjev dette slik:

### **Tidsnød**

Det står i grunngjevinga for å gje dispensasjon at verksemda meiner det tek for lang tid å utarbeide ein reguleringsplan. Det er fleire grunnar til at me ikkje finn dette rettmessig:

- Me har fått opplysningar om at Framo AS ikkje vil ta imot stein frå veganlegget på Flatøy til utfyllinga som dei har fått løyve til i Kjeldevika, då det vart for kostbart å betale for opplesing og transport. Arbeidet med utfyllinga er starta, men er stoppa opp.
- Dette stemmer dårleg med at verksemda har det travelt med å få fylt ut. Dersom dei skal få tak i nødvendige steinmassar (300.000m<sup>3</sup> = 37.500 lastebillass), må dei rekne med kostnader på fleire 10-talls millionar – berre på transport av massane.
- Framo skal redusere med 30 årsverk på grunn av dei dårlege tidene i oljebransjen. Med svært usikre utsikter i næringa er det merkeleg at det hastar med ei so kostbar utfylling.
- Det tek 1-2 år å få utarbeidd ein reguleringsplan, og vi kan ikkje sjå at verksemda tapar noko med å ta seg tid til dette.

Vi meiner at det må langt betre dokumentasjon på tidsnøden enn det som ligg føre i søknaden.

### **Vil Frank Mohn leggja ned verksemd på Flatøy?**

Nabovarsel antydar at Frank Mohn vil leggja ned verksemda på Flatøy om det ikkje vert gjeve dispensasjon til utfylling. Dette er stikk i strid med det me har vorte fortald av Frank Mohn Flatøy tidlegare. Me vil be om at dette vert stadfesta av Frank Mohn sine eigarar.

### **Alternative løysingar**

Utfyllinga som det no vert søkt dispensasjon for er den same som det vart søkt om byggjeløyve for før kommuneplanens arealdel vart vedteken. Vi har no ein ny situasjon der kommunen har vald å sette av eit større utvidingsområde for Framo. I denne situasjonen må ein sjå på alternative løysingar til den store utfyllinga. I samband med byggjesaka og kommuneplanen har vi hatt merknader til ei slik utfylling på grunn av miljøkonsekvensane og bruksinteressene i Flatøyosen. I den nye situasjonen burde det ikkje være naudsynt å stenge sundet for gjennomstrøyming. Tiltaket vert også svært skjemmande og vert synleg mellom anna frå den planlagte utbygginga i Midtmarka og det regionalt viktige friluftsområdet på Håøy. Utbygginga kan og ha konsekvensar for gyteområdet for torsk.

Gjennom ein reguleringsplan kunne ein finne fram til andre løysingar som ivaretar arealbehovet til Framo, samstundes som det vert tatt omsyn til miljøet og andre brukarinteresser kring Flatøyosen. Me har tidlegare vore i kontakt med Framo om konkrete forslag til å auke arealet. Me legg ved nokre av desse skissene til informasjon.

Me meiner at det fins langt betre alternativ til å dekke arealbehovet til Framo enn det som no vert søkt om. Desse alternativa krev mindre steinmassar i forhold til nyttbart areal, og vil derfor også

vere mindre kostbare. Alternativa har og mindre negative konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Det blir og bede om at kommunen avklarar om fyllingsfoten til den planlagde utfyllinga er innafør det arealet som er satt av til næring i kommuneplanen sin arealdel.

### **Heilskapleg og føreseieleg planlegging**

Som naboar til denne store og viktige verksemda, må vi seie at det tar på med stadige rundar med søknadar og nye nabovarsel. Vi ønsker oss ein god og heilskapleg planprosess som gir både oss og Framo ein føreseieleg situasjon for nye utvidingar i åra som kjem. Vi bed om at kommunen ikkje gjev dispensasjon, men at dei heller ber verksemda starte opp arbeidet med ein reguleringsplan.

Vi er altså primært mot at det vert gjeve dispensasjon i denne saka. Dersom kommunen likevel skulle komme fram til at det vært gitt dispensasjon ber vi om at det vert sett vilkår, særleg med tanke på den grunngevinga som kjem frå verksemda.

1. Krav om utarbeiding av reguleringsplan parallelt med tillatelse til tiltaket
2. Tidsavgrensing. Dispensasjonen må berre gjelde i den perioden det vert arbeid med reguleringsplanen, det vil seie 1-2 år.
3. Før utfylling må reelle alternativ vurderast, jf skissene vi sender med.
4. Det må vere ope for monaleg vassgjennomstrøyming i sundet.

Me er svært ueinige i at fordelene med å gje dispensasjon er større enn ulempene. Framo tapar lite tid på å lage reguleringsplan, og går glipp av alternative løysingar som kan være langt meir miljøvenlege, meir tenlege og mindre kostbare for Framo. Dette må også holdast opp mot det massive og irreversible inngrepet som man her prøver å løse utanom all normal arealplanlegging for tiltak i ein slik skala.

Med vennleg helsing

John Martin Jacobsen,  
Steinar Hansen,  
Svein Magne Krossnes  
Lasse Bruvik og Alise Sudmann  
Roar Sudmann  
Svein og Anne Marit Jakobsen  
Dag og Åse Sudmann  
Jan Ivar Reigstad

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Meland kommune, Frank Mohn Flatøy, Alfa Laval Marine